

Lærebedrifter/opplæringskontor

| | |
|-------------------------|------------------------|
| Dato | 22.06.2023 |
| Vår referanse | 2023/57056-2 |
| Dykkar referanse | |
| Sakshandsamar | Zwanette Koers |
| E-post | zwanette.koers@vlfk.no |
| Telefon | 57 63 81 55 |

Utbetaling av lærlingtilskot for 1. halvår 2023

Lærlingtilskotet er klart til utbetaling med utbetalingsdato 30.06.2023.

Detaljrapport

Rapporten skal de hente ut på lenka <https://www.vigobedrift.no/vigobedrift/servlet/main?cmd=Index> som krev innlogging med ID-porten/MinID. Lærebedrifter og opplæringskontor som manglar tilgang til Vigo-bedrift bør ta kontakt med Vestland fylkeskommune ved seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering på e-post fagopplaring@vlfk.no eller telefon 51 20 71 16.

Brukarrettleiinga finn de i lenka under. På side 41-43 er det ei komplett rettleiing om tilskotet og korleis ein går fram for å ta ut detaljrapporten.

https://www.vigoiks.no/wp-content/uploads/2022/11/Brukerveiledning_VIGO-Bedrift-for-bedrifter-og-opplaeringskontor-2019-1.pdf

I rapporten kjem det fram kva lærlingtilskot dykkar bedrift får utbetalt for dykkar lærlingar for 1. halvår 2023. Tilskotet vil bli utbetalt på grunnlag av godkjende lærekontraktar per 22.06.2023, og vert overført til det bankkontonummer som er registrert i rapporten.

Eigenandel i teoriundervisninga

Det er gjort trekk for gjennomført teoriundervisning for dei bedriftene som har avtale om kjøp av teoriundervisning vår 2023. Trekkstatsane vert regulert i takt med utviklinga i lærlingtilskotet. Det er inga endring i satsane i år. Satsane er 126 kr for lærlingar i basistilskot I og 98 kr for lærlingar i basistilskot II.

Som følgje av streiken for undervisningspersonell hausten 2022 fall nokre undervisningstimar bort. Teoritrekk for desse timane, som vart trekt hausten 2022, er tilbakeført våren 2023.

Vi tek atterhald om eventuelle systemfeil som kan føre til feil i utbetalinga. I slike høve vil tilskotet bli regulert ved neste utbetaling.

Tilbakemeldingsskjema

Dersom det er (har vore) gjort endringar i læretilhøva som til dømes heving av lærekontrakt, permittering, sjukemelding, permisjon, militærtjeneste eller liknande, ber vi om å bli varsla om dette. Lærebedriftene pliktar å varsle seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering om endringar i læreforholda så snart dei er kjende med tilhøva.

I fall det er endringar ber vi om at de nyttar tilbakemeldingsskjema. Det er to digitale skjema:

1. Skjema gjeld endringar i bedrifta. Endringar kan til dømes vere ny kontaktperson, e-post, telefonnummer og bankkontonummer. Sjå lenke:

https://skjema.vlfk.no/opplaering/organisasjon/tilbakemelding_larlingstilskudd_larebedrift

2. Skjema gjeld endringar for lærlingen. Endringar kan til dømes vere permittering, fødselspermisjon, militærtjeneste, sjukmelding, eventuelt at lærlingen har slutta i bedrifta. Sjå lenke: https://skjema.vlfk.no/opplaering/person/tilbakemelding_larlingstilskudd_larling

Det kan vere meldt frå om endringar i læretilhøva for lærlingar utan at dette har vorte registrert hjå seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering. I slike høve vil korrigeringa bli gjort i samband med utbetaling av tilskot for 2. halvår 2023.

Det er viktig at de kontrollerer detaljrapporten slik at eventuelle endringar kan gjerast så snart som mogleg.

For mykje utbetalt lærlingstilskot vil bli fakturert snarast råd.

Spørsmål om utbetaling av tilskotet kan rettast til Zwanette Koers på telefon 57 63 81 55.

Med helsing

Bekka Skaasheim
ass. avdelingsdirektør

Zwanette Koers
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift